

ÅRSRAPPORT

Gulen og Masfjorden Utvikling AS

2016

Gulen og Masfjorden Utvikling er AS er lokalisert i Gulen kommune, og har som føremål å medverka til næringsutvikling og lønsame arbeidsplassar i Gulen og Masfjorden kommunar.

Innhald

| | |
|---|----------|
| DAGLEG LEIAR SIN RAPPORT | 3 |
| <i>Eigardelar per 31.12.2016</i> | <i>3</i> |
| <i>Strategiske hovudpunkt</i> | <i>3</i> |
| <i>Driftsmessige hovudpunkt</i> | <i>3</i> |
| <i>Framtidsutsikter og utviklingsperspektiv</i> | <i>5</i> |
| KONTAKTINFORMASJON | 6 |
| STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2016 | 8 |



Framtidsfylket Karrieremesse i Trondheim, 28.01.2016

Til våre aksjonærar

EIGARDELAR PER 31.12.2016

| Eigar | Eigardel i prosent |
|--------------------------------|-----------------------|
| SIVA SF | 24,8 |
| Sogn og Fjordane fylkeskommune | 22,4 |
| Gulen kommune | 21,6 |
| Masfjorden kommune | 21,5 |
| Hordaland fylkeskommune | 9,7 |

STRATEGISKE HOVUDPUNKT

GMU sitt vedtektsfesta føremål, forretningsplan og samarbeidsplattforma med kommunane har danna grunnlag for arbeidsplanen som GMU har organisert arbeidet sitt etter i 2016.

Arbeidet har vore delt inn i "næring" og "profilering". GMU arrangerte jobb- og bustadmesse saman med NAV og har delteke på andre arrangement. Prosjekt innan nye næringar har vore til vurdering, og eit nytt prosjekt for området Brekke-Oppedal vart påbegynt. Dagleg leiar har vore sekretær for Gulen og Masfjorden Næringsråd som før.

DRIFSMESSIGE HOVUDPUNKT

Næring

Næringsutvikling og profilering av regionen har vore fokusområde også i 2016. Starthjelp til etablerarar og søknadsstøtte til offentlege midlar har blitt eit etablert tilbud frå GMU, og fleire tek kontakt direkte. 18 av 19 bedrifter eller personar som tok kontakt fekk rettleiing. Sju fekk hjelp til formell etablering av selskap og det vart sendt inn ti søknadar om støtte frå næringsfond og kraftfond. Aksjeselskapa som fekk hjelp frå GMU i 2016, hadde i følgje rekneskapstal 28 tilsette ved utgangen av 2015. GMU ser resultat frå dette arbeidet, og ønskjer å følgja opp og måla den vidare utviklinga til dei som har fått direkte hjelp.

GMU ønskjer tett kontakt med eksisterande næringsliv. Gjennom oppgåva som sekretær for Gulen og Masfjorden Næringsråd (Næringsrådet) får GMU innsyn i mange av dei utfordringane og mulegheitene næringslivet ser for si verksemd og for regionen. Næringsrådet har hatt fem styremøte i tillegg til årsmøtet. Møta er halde i ulike delar av

regionen og vert kombinert med bedriftsbesøk der éi eller fleire lokale bedrifter presenterer verksemdene sine. GMU har utført administrativt arbeid for næringsrådet, mellom anna å arrangera alle møta og føra protokoll frå desse. Næringskonferansen vart arrangert i mai, og temaet var "Kommunikasjon: vegnett og ferjesamband. Mulegheiter og utfordringar for næringslivet".

GMU arbeider for å tiltrekkja nye og større næringsaktørar til regionen. I 2016 har GMU delteke på relevante næringslivsmesser, konferansar og andre fora med føremål om å profilera regionen og informera om tilgjengelege næringsområde og lokale, og gje informasjon om verksemder og næringar som er etablerte i regionen. Det siste året har GMU også arbeidd med å kartleggja kompletterande og nye næringar som kan vera aktuelle i vår region. I den nye arbeidsplanen for 2017, legg GMU større vekt på nordaustlege delar av kommunane. GMU starta før årsskiftet med møte der målet er å kartleggja behova til næringsaktørane i området Matre-Oppedal. Med utgangspunkt i dette, vil GMU engasjera seg i oppgåver som kan medverka til å styrkja og utvikla næringslivet. GMU har også orientert seg om tarenæringa og treforedling. Det føregår pilotprosjekt innan begge næringar i regionen.

Gass til Gulen har vore tema for GMU sidan selskapet vart stifta. Dialog med dei aktuelle aktørane har førebels ikkje ført vidare i saka. GMU er tilgjengeleg til å fungera som ein koordinator og bidra med profilering når aktørane er klare. Dette året har GMU delteke på Gasskonferansen, ONS og OTD.

I første halvdel av året, selde GMU tenester til Sløvåg Næringsbygg, i form av utarbeiding av heimeside, rekruttering og opplæring.

Profilering

I november arrangerte NAV og GMU jobb- og bustadmessa Spydspiss i Vidsyn. Arrangementet var vellukka med 18 bedrifter og 200 deltakarar til stades, og vekte merksemd i store delar av Nordhordland.

GMU har fått gode tilbakemeldingar på bruk av sosiale medier til formidling av nyheiter og annan informasjon frå næringslivet og arbeidsmarknaden i regionen. Dette informasjonsarbeidet er prioritert og vart vidareført i 2016.

Som ein del av profileringsarbeidet har GMU også delteke på ei mengd ulike arrangement, som til dømes Framtidsfylket og HAFS karrieremesser, næringssamlingar i fylka, kurs i Lean Startup, nettverkssamling innan havbruk, møte i samband med skulestrukturdebatten i Hordaland, Sivanett, Worldskills yrkes-NM, møte om interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland og Gulen m.m.

Det har også vorte laga ny heimeside, som har ei enklare oppbygging og ein meir stilrein profil. Heimesida inneheld no m.a. ei oversikt over næringsareal og kontorfasilitetar, bustadprosjekt og ledige tomtar i Gulen og Masfjorden.

GMU vart engasjert til å halda eit føredrag for ungdomsskulen på Dalsøyra i samband med deira elevbedriftsprosjekt, og har hatt kontakt med Ungt Entreprenørskap på vegne av Masfjorden kommune. Det er fleire bedrifter i regionen som tar inn lærlingar, men det er notert ein viss nedgang dei siste åra. GMU ser nytte og potensiale for å rekruttera fleire lærlingar til regionen, og har gjennom ulike råd og utval eit engasjement mot vidaregåande skular i Nordhordland og Sogn og Fjordane.

FRAMTIDSUTSIKTER OG UTVIKLINGSPERSPEKTIV

GMU har eit godt samarbeid med kommunane, og får positive tilbakemeldingar om arbeidet som vert gjort. Ved utgangen av året vart det søkt Gulen kommune om tilskot til eit utviklingsprosjektet i området Brekke-Oppedal. Søknaden vart innvilga. Folketalet er veksande i dei to kommunane, og arbeidsløysa er låg.


GMU var i 2016 lokalisert i Vidsyn, Sløvåg Næringsbygg. For GMU er det positivt å vera tilknytt miljøet i Gulen Industrihamn og å vera lokalisert midt i regionen. Dette gjer GMU meir tilgjengeleg for dei fleste, og bygget har fasilitetar som er nyttige for GMU si verksemd. Ved utgangen av året vart det søkt Masfjorden kommune om bruk av kontor på Matre. Søknaden vart behandla i februar 2017 med positivt vedtak.

Statistikk på SSB viser at det vart etablert 42 nye føretak i Gulen og Masfjorden kommunar i 2016, sett vekk frå offentleg forvaltning og primærnæringane.


Solveig Daae Kristiansen

Dagleg leiar

20. mars 2017



Design Flores



Stordalen Fjellstove



Havforskningsinstituttet



Gulen & Masfjorden Utvikling

Sløvågen 2
5960 Dalsøyra



Solveig Daae Kristiansen
Dagleg leiar

Tlf 47605190

E-post solveig@gmu.no

Web www.gmu.no

www.facebook.com/gmutvikling





Evyr Skogen, innehavar og dagleg leiar av Klinikk Skogen, som vart etablert i mars 2016



Riggar i Skipavika, juni 2016

FØREMÅL OG LOKALISERING

Gulen og Masfjorden Utvikling AS (GMU) er eit næringsutviklingsselskap for Gulen og Masfjorden kommunar, lokalisert i Vidsyn i Gulen kommune.

Selskapet sitt føremål er å tilretteleggje tilhøva for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden, og skal ved å vere ein aktiv pådrivar og koordinator for private aktørar medvirke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet. Selskapet skal vidare vere ein koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid og vere ein pådrivar for at næringslivet får ei god kunnskaps- og teknologisk utvikling.

DRIFT OG UTVIKLING

GMU er kommunane sin fyrstelinjeteneste for næringsutvikling i regionen. Selskapet sin forretningsplan, saman med ein meir detaljert arbeids- og aktivitetsplan for året, er styrande for dagleg leiar sitt arbeid. Styret har hatt seks styremøte og to arbeidsmøte i 2016.

Styret og dagleg leiar stadfestar at føresetnaden for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen for 2016 er sett opp under denne føresetnaden. Selskapet sine eigedelar består av likvide midlar samt eigardel og ansvarleg lån til Sløvåg Næringsbygg AS. Likvide midlar er plassert i bank. Styret meiner den framlagde årsrekneskapen med balanse og notar gir eit rett bilete av selskapet sine eigedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat. Gulen og Masfjorden Utvikling AS hadde i 2016 eit overskot på kr 111.883,-, som vert føreslått avsett til annan eigenkapital.


ARBEIDSMILJØ, LIKESTILLING OG PÅVERKNAD PÅ DET YTRE MILJØ

Selskapet hadde i 2016 éi fast stilling; dagleg leiar Solveig Daae Kristiansen. I styret er det to kvinner og fem menn. Arbeidsmiljøet er godt og det førekjem ikkje diskriminering. Verksemda ureinar ikkje det ytre miljø.

Sløvågen, 20.03.2017



Marit A. Wick




Hallvard Oppedal



Hans-Martin Martinussen



Steinar Østerbø



Karstein Totland



Audhild B. Schaathun



Arve Hatlevik



Solveig D. Kristiansen, dagleg leiar

ÅRSREGNSKAP

2016

Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Org. nr. 992 971 118

Resultatregnskap

Gulen og Masfjorden Utvikling AS

| | Note | 2016 | 2015 |
|--|------|------------------|------------------|
| Salgsinntekt | | 95 865 | 79 327 |
| Annen driftsinntekt | 6 | 793 300 | 785 500 |
| Sum driftsinntekter | | 889 165 | 864 827 |
| Varekostnad | | 0 | 15 286 |
| Lønnskostnad | 2 | 759 906 | 728 169 |
| Annen driftskostnad | | 277 266 | 281 137 |
| Sum driftskostnader | | 1 037 172 | 1 024 592 |
| Driftsresultat | | -148 007 | -159 764 |
| Annen renteinntekt | 7 | 297 812 | 379 292 |
| Annen finansinntekt | | 0 | 136 |
| Annen rentekostnad | | 629 | 90 |
| Ordinært resultat før skattekostnad | | 149 177 | 219 573 |
| Skattekostnad på ordinært resultat | 3 | 37 294 | 50 384 |
| Ordinært resultat | | 111 883 | 169 189 |
| Årsresultat | | 111 883 | 169 189 |
| Overføringer | | | |
| Avsatt til annen egenkapital | | 111 883 | 169 189 |
| Sum overføringer | | 111 883 | 169 189 |

Balanse

Gulen og Masfjorden Utvikling AS

| Eiendeler | Note | 31.12.2016 | 31.12.2015 |
|---|------|-------------------|-------------------|
| Finansielle anleggsmidler | | | |
| Investeringer i tilknyttet selskap | 7 | 44 000 | 44 000 |
| Investeringer i aksjer og andeler | 7 | 394 000 | 394 000 |
| Andre fordringer | 7 | 3 000 000 | 3 000 000 |
| Sum finansielle anleggsmidler | | 3 438 000 | 3 438 000 |
| Sum anleggsmidler | | 3 438 000 | 3 438 000 |
| Omløpsmidler | | | |
| Fordringer | | | |
| Kundefordringer | 6 | 80 714 | 306 557 |
| Andre kortsiktige fordringer | | 7 108 | 0 |
| Sum fordringer | | 87 821 | 306 557 |
| Bankinnskudd, kontanter o.l. | 5 | 13 286 005 | 12 971 944 |
| Sum bankinnskudd, kontanter o.l. | | 13 286 005 | 12 971 944 |
| Sum omløpsmidler | | 13 373 826 | 13 278 501 |
| Sum eiendeler | | 16 811 826 | 16 716 501 |


Balanse

Gulen og Masfjorden Utvikling AS

| Egenkapital og gjeld | Note | 31.12.2016 | 31.12.2015 |
|--|------|-------------------|-------------------|
| Innskutt egenkapital | | | |
| Aksjekapital (20 625 aksjer á kr. 250) | 4 | 5 156 250 | 5 156 250 |
| Overkurs | | 10 416 751 | 10 416 751 |
| Sum innskutt egenkapital | | 15 573 001 | 15 573 001 |
| Opptjent egenkapital | | | |
| Annen egenkapital | | 1 075 372 | 963 490 |
| Sum opptjent egenkapital | | 1 075 372 | 963 490 |
| Sum egenkapital | | 16 648 374 | 16 536 491 |
| Gjeld | | | |
| Kortsiktig gjeld | | | |
| Leverandørgjeld | | 21 433 | 21 012 |
| Betalbar skatt | 3 | 37 293 | 50 384 |
| Skattetrekk og off. avgifter | | 42 722 | 50 495 |
| Annen kortsiktig gjeld | | 62 004 | 58 119 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 163 453 | 180 010 |
| Sum gjeld | | 163 453 | 180 010 |
| Sum gjeld og egenkapital | | 16 811 826 | 16 716 501 |


Dalsøyra


Marit Austgulen Wick
Styreleder


Karstein Jon Totland
Nestleder


Hallvard Hallstein Oppedal
Styremedlem


Steinar Østerbø
Styremedlem


Audhild Botnen Schaathun
Styremedlem


Hans-Martin Ivor Wennevold Martinussen
Styremedlem


Arve Vemund Sleire Hatlevik
Styremedlem

Noter

Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Note 1 - Regnskapsprinsipper

I årsregnskapet er alle poster verdsatt og periodisert i overensstemmelse med regnskapslovens bestemmelser og reglene som følger av god regnskapsskikk.

Klassifisering

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk, samt fordringer med forfall mer enn ett år etter balansedagen er medtatt som anleggsmidler. Øvrige eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Gjeld som forfaller senere enn et år etter regnskapsperiodens utløp er oppført som langsiktig gjeld. Alle fordringer og all gjeld knyttet til varekretsløpet er klassifisert som kortsiktige poster uavhengig av forfallstid.

Skattekostnad og utsatt skatt

Skattekostnaden er knyttet til det regnskapsmessige resultat og består av betalbar skatt og endring i netto utsatt skatt.

Utsatt skatt i resultatregnskapet er skatt beregnet på endringer i midlertidige forskjeller mellom skattemessige og regnskapsmessige verdier. I stedet for å vise årets skattemessige disposisjoner brutto i regnskapet, bokføres skatteeffekten som en del av årets skattekostnad.

Utsatt skatt avsettes som langsiktig gjeld i balansen. I den grad utsatt skattefordel overstiger utsatt skatt, medtas ikke utsatt skattefordel i balansen iht. god regnskapsskikk for små foretak.

Driftsinntekter og kostnader

Inntektsføring skjer etter opptjeningsprinsippet som normalt vil være leveringstidspunktet for varer og tjenester. Kostnader medtas etter sammenstillingsprinsippet, dvs. at kostnader medtas i samme periode som tilhørende inntekter inntektsføres.

Note 2 Lønnskostnader, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte m.m.

| Lønnskostnader | 2016 | 2015 |
|-----------------------|----------------|----------------|
| Lønninger | 658 706 | 622 448 |
| Arbeidsgiveravgift | 72 698 | 69 129 |
| Pensjonskostnader | 22 230 | 28 882 |
| Andre ytelser | 6 271 | 7 710 |
| Sum | 759 905 | 728 169 |

Gjennomsnittlig antall årsverk: 1

Lønn til daglig leder utgjør kr 574 820, andre ytelser utgjør kr 4 895.

Det er utbetalt styrehonorar med kr 80 000, som er fordelt med 20 000 til styreleder og kr 15 000 til 4 av styremedlemmene.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2016 utgjør kr 11 000.

I tillegg kommer honorar for andre tjenester med kr 6 000

Noter

Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Note 3 Skatt

| | 2016 | 2015 |
|--|----------------|----------------|
| Årets skattekostnad | | |
| Resultatført skatt på ordinært resultat: | | |
| Betalbar skatt | 37 294 | 50 384 |
| Endring i utsatt skattefordel | 0 | 0 |
| Skattekostnad ordinært resultat | 37 294 | 50 384 |
| | | |
| Skattepliktig inntekt: | | |
| Ordinært resultat før skatt | 149 177 | 219 573 |
| Permanente forskjeller | 0 | 2 577 |
| Endring i midlertidige forskjeller | 0 | 0 |
| Anvendelse av fremførbart underskudd | 0 | -35 542 |
| Skattepliktig inntekt | 149 177 | 186 608 |
| | | |
| Betalbar skatt i balansen: | | |
| Betalbar skatt på årets resultat | 37 293 | 50 384 |
| Sum betalbar skatt i balansen | 37 293 | 50 384 |

Note 4 - Aksjonærtabell

Aksjekapitalen i Gulen og Masfjorden Utvikling AS pr. 31.12 består av følgende aksjeklasser:

| | Antall | Pålydende | Bokført |
|-----------------|---------------|---------------|------------------|
| Ordinære-aksjer | 20 625 | 250,00 | 5 156 250 |
| Sum | 20 625 | 250,00 | 5 156 250 |

Eierstruktur

| Aksjonærer pr. 31.12 var: | Ordinære | Eierandel |
|-------------------------------------|---------------|--------------|
| SIVA Selskapet for industrivekst SF | 5113 | 24,8% |
| Hordaland Fylkeskommune | 2000 | 9,7% |
| Sogn og Fjordane Fylkeskommune | 4625 | 22,4% |
| Gulen Kommune | 4444 | 21,6% |
| Masfjorden Kommune | 4443 | 21,5% |
| Totalt antall aksjer | 20 625 | 100,0 |

Noter

Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Note 5 Bundne midler

Av selskapets bankinnskudd gjelder kr 56 946 bundne skattetrekksmidler.

Note 6 Tilskudd

Selskapet har i 2016 mottatt driftstilskudd fra Gulen kommune med kr 543 300 og fra Masfjorden kommune med kr 250 000. Alle tilskudd er utbetalt i 2016.

Note 7 Aksjer i andre selskaper, mellomværende med andre selskap.

Selskapet har eierandeler i :

Tilknyttet selskap:

| <u>Firma</u> | <u>Anskaffelses- tidspunkt</u> | <u>Forretnings- kontor</u> | <u>Eierandel stemmeandel</u> | <u>Selskapets aksjekapital</u> |
|----------------------|------------------------------------|--------------------------------|----------------------------------|------------------------------------|
| Matre Næringsbygg AS | 2012 | Sløvåg | 40% | 100 000 |

| <u>Firma</u> | <u>Resultat 2015</u> | <u>Egenkapital</u> |
|----------------------|----------------------|--------------------|
| Matre Næringsbygg AS | -18 195 | 78 863 |

Gulen og Masfjorden Utvikling AS har i 2013 lånt ut kr 3 000 000 i ansvarlig lånekapital til Sløvåg Næringsbygg AS. Det er i 2016 inntektsført rente med kr 150 000 på lånet. I følge låneavtale skulle avdrag vært betalt i 2016, det er innvilget avdragsutsettelse på lånet med 1 år. Gulen og Masfjorden Utvikling AS eier 2,8 % av aksjene i Sløvåg Næringsbygg AS.

Til generalforsamlingen Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Uavhengig revisors beretning

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Gulen og Masfjorden Utvikling AS' årsregnskap som viser et overskudd på kr 111 883. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2016, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2016, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av årsberetningen, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Styrets ansvar for årsregnskapet

Styret er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:

<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Bergen, 20.mars 2017
Bjørgvin Revisjon AS



Rita Engelsen
Statsautorisert revisor